

## 238 år gamal mur vert reparert

28.10.2013



Tor Ove Haugland reparerer no skade nummer to

**Tor Ove Haugland er ein meister til å mura, det viste han til fulle då han laga muren mot KV-bygget (tidlegare AFA) No er han igang med ein annan viktig oppgåve - han reparerer den flotte og massive muren rundt Uskedalens einaste verkelege herskapshus Kapteinsgården. Eigar Rita Ramondou reknar med at muren er like gamal som huset - det betyr at han er 238 år,**



Muren har rasa ut tre stader

Den var no skada på 3 stader og delvis rasa ut. Tor Ove er igang med å reparera skade nummer 2 som er på muren som vender mot sentrum. Den fyrste var på muren mot vegen til Døslandsido og den tredje er på muren mot fylkesvegen og elva. Eigaren har stor tillit til at jobben vert profesjonelt gjort, ikkje minst fordi Tor Ove har stor kunnskap om korleis ein mur er laga.

Kapteinsgården og då også inkludert muren har namnet sitt etter militærkaptein Christian Lerche Dahl (1798/1871) Huset er bygd i bergensk empirestil og har vore freda sidan 1923.

Johan Koren Dahl bygde huset i 1775 av tømmer frå familie-eigedommen på Valen og flytta inn der saman med kona Else Nielsdatter Astrup Dahl. til bryllupet. Dei fekk 9 barn og Christian var den yngste. Han var ordførar i Kvinnherad i to periodar og fekk mellom anna anlagt brua over elva.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen





Muren er eit imponerande verk